



VERET I OS OG FUSA: Nymåne ● Veksande ● Fullmåne ○ Minkande ○



I DAG -2°



I MORGON 0°



TORS DAG 0°



FREDAG -1°



LAUR DAG -2°

FLO	I DAG	I MORGON	TORS DAG	FREDAG	LAUR DAG
Kl.	07:21	08:29	09:22	10:08	10:53
Kl.	19:59	21:04	21:56	22:43	23:28
FJÆRE	I DAG	I MORGON	TORS DAG	FREDAG	LAUR DAG
Kl.	01:06	02:15	03:09	03:56	04:40
Kl.	13:47	14:51	15:41	16:27	17:10
SOL	I DAG	I MORGON	TORS DAG	FREDAG	LAUR DAG
Opp	08:42	08:39	08:36	08:34	08:31
Ned	17:03	17:05	17:08	17:11	17:13

Historisk tildeling:

– For oss er dette veldig stort



REKRUTTERING: Tarjei Vangdal er sikker på at bridge-klubben vil rekruttere mange flere medlemmer framover.
Foto: Benjamin Søgne Olsen

– Dette er på mange måtar ein klapp på skuldra frå forbundet si side.

► **Kenneth Svenningsen**
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Os juniorbridgeklubb er tildelt årets junior-NM i bridge.

Leiaren i klubben, Tarjei Vangdal, trur tildelinga kjem som eit resultat av dei siste års satsing.

– Os juniorbridgeklubb er vel den klubben i landet som satsar mest på rekruttering av unge spelarar. Det betalar seg no i form av at me - for første gong i historia - får arrangera NM. Det er stort, slår Vangdal fast.

Per dags dato har klubben 30 medlemmer i juniorgruppa. 12 av dei kom til i fjor haust.

– Nøkkelen i satsinga er skulebridgen. Den starta me opp på Lunde barneskule i fjor haust. Der har me fast speling med to sjetteklassar kvar



NM: Junior-NM vil gå føre seg i gymsalen til Os ungdomsskule. Foto: Privat

tysdag. 12 av dei som fekk læra bridge med oss haust, er no faste medlemmer av klubben, seier Vangdal.

Vil utvida skuletilbodet

Leiaren i Os juniorbridgeklubb både håpar og trur at fleire ungdomar vil finna vegen til klubben denne våren.

– I NM vert det éin runde for nybyrjarar/rekruttar og éin for dei skulerte. Difor vil me truleg stilla med alle våre medlemmer, også dei me eventuelt rekrutterer i vår. Elles reknar eg med at heile landet vil vera representert. Tru-

leg kan vi få over 200 deltakarar, seier Vangdal.

Meisterskapen vil gå av stabelen i gymsalen på Os ungdomsskule 18. oktober.

– Me har avtale om å låna Os Aktivbygget også. Der vil det bli mykje leik og leven, fortel Vangdal.

Dei som kjem langvegsfrå, skal sova på skulen.

Elles skal klubben på tur med Åsane Bridgeklubb til Fanahytten i april.

– Dei er dei einaste her vestpå utanom oss som har skulebridge. Det blir kjekt for våre medlemmer å spela litt i lag med dei, seier han.

I løpet av inneverande år vil klubben prøva å utvida skulebridgen i kommunen.

– Me er i dialog med ein konkret skule. Det er litt uvisst når me får landa det, men me reknar med at det er eit prosjekt som kan starta opp til hausten. Då skal me også inkludera 7. klassingane på Lunde barneskule, så potensialet for rekruttering vil bli større og større, konstaterer Vangdal.



TYSDAG 6. FEBRUAR

- 06:00 Morgentoner
- 09:00 Hitmix (ny musikk nonstop)
- 10:00 Variert musikk.
- 12:00 Aktuelt
- 14:00 Variert musikk.
- 15:00 Nostalgia 1956-69 (R)
Programleder: Olav Valle
- 17:00 Aktuelt
- 19:00 Musikknytt (R)
v/Jan Petter Svendal
- 20:00 Bluestrain
v/Jan Christian Nordahl
- 21:00 Yngve's Spesial mix (L)
v/Yngve Øvrevik
- 22:00 Aktuelt
- 24:00 Lyder gjennom natten

ONSDAG 7. FEBRUAR

- 09:00 «Musikk fra min oppvekst (Nazareth)
m/Jan Petter Svendal
- 10:00 Gospel Corner
Programleder: Pål Strand
- 11:00 Variert musikk
- 12:00 Aktuelt
- 14:00 Variert musikk
- 17:00 Aktuelt
- 19:00 The Gålå Time (L)
- 21:00 Hitmix (ny musikk nonstop)
- 22:00 Aktuelt
- 24:00 Lyder gjennom natten

TORS DAG 8. FEBRUAR

- 06:00 Morgentoner
- 09:00 Bluestrain (R)
Programleder: Jan Christian Nordahl
- 10:00 Variert musikk
- 19:00 Yngve's spesialmix
- 20:00 Musikk fra min oppvekst (Nazareth)
v/Jan Petter Svendal
- 21:00 Variert musikk
- 24:00 Lyder gjennom natten


FREDAG 9. FEBRUAR

- 06:00 Morgentoner
- 09:00 Danseband musikk
- 10:00 Variert musikk
- 12:00 Aktuelt
- 14:00 Musikknytt m/Jan Petter Svendal
- 15:00 Variert musikk
- 17:00 Aktuelt
- 19:00 Musikk fra Vestland musikk non stop (L)
Spilleliste m/Espen Giertsen
- 20:00 Pablos Jambalaya (L)
Programleder: Pål Strand
- 21:00 Variert musikk
- 22:00 Musikk-Quiz (L)
m/ Ronny Sivertsen og Tor Owe Rennemo
- 24:00 Lyder gjennom natten

Med atterhald omending



GRATIS APP: KONTORTIDER: Måndag - fredag: kl. 8.30-16.00
Laurdag stengt.
Les avisa digitalt på PC/Mac, mobil eller nettbrett.



Facebook: facebook.com/osogfusaposten
Twitter: [@Osogfusaposten](https://twitter.com/Osogfusaposten)
Instagram: [#osogfusaposten](https://instagram.com/osogfusaposten)
Snapchat: [osogfusaposten](https://snapchat.com/osogfusaposten)